

Vidaregåande opplæring i Stryn 100 år

Amtstinget for Nordre Bergenhus amt (Sogn og Fjordane fylke) kom saman i Stryn 3. juni og tingsetet varte til 13. juni 1912. Tingsete i 1912 vart halde på Hotel Central på Visnes i Stryn og som vi veit vart den nye husmorskulen etablert nettopp her.

Landbrukslaget sitt førearbeid til ny husmorskule hadde då vore til handsaming i amtsutvalet, som i forsiktig ånd meinte at saka var for lite utgreidd og måtte utsetjast. Under amtsforhandlingane kom saka opp i skulenemda. Nemnda var også skeptisk til å kaste seg ut i dette nye skuleprosjektet utan noko vidare og var inne på anken å utsetja saka til neste år, slik at ein fyrst kunne få vurdert kva endringar og eventuelle utvidingar på skulen i Kroken. Desse to skulane måtte sjåast som ein heilskap og kunne ikkje organiserast uavhengig av kvarandre. Men sistpå kom skulenemda likevel til at ein burde kome i gang med skulen snarast, av omsyn til høvet som no baud seg for å få ei kvalifisert styrarinne. Dette kunne verte vanskelegare seinare, Dersom saka skulle utsetjast.

Husmorskulesaka kom opp til avrøysting i amtstinget og skulenemda si innstilling vart samrøystes vedteken. Vi kan derfor rekne 13. juni 1912 som skipnadsdatoen for skulen.

I amtsvedtaket var det ikkje nemnd noko om kvar skulen skulle ligge, men i og med at Stryn var einaste kommunen som hadde tilbode lokale, sa de seg sjølv at Stryn måtte verte vertskommune.

Utdanningstilbod for kvinner før 1913

I 1876 vart det vedteke å skipa ein «amtskule for jenter» i Holmedal. Jenteskulen kom i gang 1. mars 1877 med 20 elevplassar. Det er verdt å merkje seg at jenteskulen i Holmedal var den fyrste husmorskulen i landet og var eit føredøme for dei andre skulane av dette slaget som seinare vart skipa i andre amt. Skulen held fram til og med 1888.

I 891 vart skulen starta oppatt på Svanøy, der skulen var til og med 1896. Skulen måtte på ny ut på flyttefot. Frå Nordfjord til «Den praktise Jenteskole» i Kroken som var eit faktum frå 1897. Skulen i Kroken eksisterte til den nye husstellskulen i Hafslo vart teken i bruk i 1958.

Nordre Bergenhus amts husmorskule, Stryn

«Plan for husmorskulen i Nordre Bergenhus amt, av 1912»

§1 «Skolen har som formaal at meddele en efter forholdene avpasset undervisning i de gjøremål, som særleg paahviler kvinden som husmor eller husholderske i et almindelig bondehjem»

Historiske fakta henta frå Edvard Faleide sine notat om Husmorskulen i Stryn gjennom 75 år 1913 – 1988.

Vi ynskjer vidaregåande opplæring i Stryn til lukke med jubileet.

Kirsti Horne

Rektor Stryn vidaregåande skule

